

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 12.04.2023
SAKSHANDSAMAR: Gro Jofrid Aarli
SAKA GJELD: **Sal av Knappenveien 23D i Bergen kommune**

ARKIVSAK: 2023/351
STYRESAK: **066/23**

STYREMØTE: **14.06. 2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret gir sin tilslutning til at egedomen Knappenveien 23D (gnr.21 bnr. 197, 552, 553, 1476 og gnr. 28 bnr. 48, 49) i Bergen kommune blir seld til Bergen kommune for kr. 48 116 700.
2. Styret føreset at frigjorte inntekter blir nytta til investering i varige verdier eller til nedbetaling av gjeld.
3. Styret ber om at saka blir send føretaksmøtet i Hele Vest RHF med førespurnad om samtykke til sal, jf. helseføretakslova § 31.
4. 4. Under føresetnad av at eigar i føretaksmøtet gir sitt samtykke til sal blir det gjennomført føretaksmøte i Helse Bergen HF, for formelt å vedta sal, jf. lov om helseføretak § 31

Oppsummering

Knappenveien 23D, som er eigd av Helse Bergen HF, er ikkje lenger i bruk av helseføretaket. Delar av eigedomen er leigd ut til Bergen kommune, og kommunen ønskjer å kjøpa eigedomen. Styret i Helse Bergen HF har stilt seg positiv til at eigedomen blir seld til kommunen.

Fakta

Knappenveien 23D (gnr.21 bnr. 197, 552, 553, 1476 og gnr. 28 bnr. 48, 49) i Bergen kommune som består av 6 bruksnummer, på til saman 63 mål, (63 482 m²) har i svært mange år vore nytta av psykiatriske pasientar, nokre med behov for langtidsopphald i spesialisthelsetenesta. Eigedomen blei overført frå tidlegare Hordaland fylkeskommune til Helse Bergen HF då helseføretaka blei oppretta.

Etter kvart endra behova seg og det blei bygd nytt på Danmarks plass i 2016, som erstatning for eigedomen på Knappen. Planen var då å selje Knappenveien 23D. Bergen kommune ønskte å overta eigedomen. Partane klarte ikkje å einast om pris og kommunen meinte mellom anna at dei hadde krav på tilbakeføring av eigedomen vederlagsfritt i samsvar med det som er kalla Angeravtalen, frå 1971. Angeravtalen blei etablert då ein del helsetenester gjekk frå å vere kommunale til å bli fylkeskommunale og der eigedomane følgde med frå kommunen til fylket.

I 2014 hadde Sandviken sjukehus ei rekkje utskrivingsklare pasientar kor ansvaret for pasientane låg til kommunen. Kommunen hadde ikkje bustader til desse pasientane. Løysinga blei at partane i fellesskap etablerte eit busenter på Tertnes der dei utskrivingsklare pasientane fekk plass. Senteret blei seinare utvida og flytta til Knappen, etter at Helse Bergen hadde flytta pasientane sine til nytt bygg på Danmarks plass. Etter kvart tok kommunen fullt ansvar for dei pasientane kommunen hadde ansvar for, og kommunen blei leigetakar i dei to største bygga på eigedomen. Andre bygg var i så dårleg stand at dei ikkje kunne leigast ut utan å rehabiliterast.

Helse Bergen HF har etter dette ikkje hatt nokon aktivitet i Knappenveien 23D.

I juni 2015 reiste Bergen kommune søksmål mot føretaket med krav om vederlagsfri tilbakeføring av eigedomsretten til blant anna Knappen med grunnlag i Angeravtalen frå 1971. Dommen slo fast at Bergen kommune har ein eigardel i Knappen med 21/85. Saka blei anka til Gulating lagmannsrett som i 2018 stod ved avgjerda til tingretten. Saka blei så anka vidare til høgsterett, men slapp ikkje inn, og dommen frå Gulating lagmannsrett blei rettskraftig i august 2018. I ettertid har det vore ei rekkje drøftingsmøte med kommunen grunna ønsket frå kommunen om å ta over eigedomen.

Eigedomen blei taksert i 2014 og på ny i oktober 2022. Partane blei i desember 2022 samde om sal av eigedomen til taksten frå 2022 på kr 63 900 000, med fråtrekk for eigardel 21/85 tilhøyrande kommunen. Salssummen for eigardel til Helse Bergen HF vil vera kr. 48 116 700.

Saka blir lagd fram for politisk behandling i kommunen. Det er grunn til å tru at det vil bli treft vedtak i tråd med det administrasjonen er samd med Helse Bergen om.

Kommentarar

Styret i Helse Bergen HF gjorde i styremøte 2. februar 2023 følgjande samrøystes vedtak:

- 1 Styret stiller seg positiv til at eigedomen Knappen (gnr.21 bnr. 197, 552, 553, 1476 og gnr. 28 bnr. 48, 49) i Bergen kommune blir seld til Bergen kommune for kr. 48 116 700.
- 2 Saka blir send til Helse Vest RHF for vidare behandling/godkjenning

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomen i Knappenveien 22D (gnr.21 bnr. 197, 552, 553, 1476 og gnr. 28 bnr. 48, 49) til Bergen kommune. Ein legg til grunn at frigjorte midlar blir nytta til investeringar eller til nedbetaling av gjeld.

Vedlegg: 1. Styresak 8/23 frå Helse Bergen HF 2. februar 2023
2. Protokoll frå styremøtet i Helse Bergen HF 2. februar 2023
3. Kart over eigdommen

